

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 05.03.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering pkt. 2
Revisjonsplan 2020

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 03/20

STYREMØTE: 12.03.2020

Oppsummering

Årsplan for internrevisjonar for 2020 er lagt opp i tråd med revisjonsprogram 2019-23 og tar hand om revisjon av kjerneprosessar innanfor områda PRO, SHE, PUB, IKT og Ytre miljø. Med bakgrunn i revisjonsgrunnlag planlegg ein 4 fagrevisjonar, 1 fag-teknologirevisjon, 2 leverandørrevisjonar og 2 miljørevisjonar i 2020. Eventuelle ad-hoc revisjonar vil koma i tillegg.

Fakta

Revisjonsplan 2020 er bygd på SAV revisjonsprogram 2019. Til grunn for arbeidet ligg resultat frå risiko- og vesentlegvurdering, årsrapport internrevisjon 2019, eksterne tilsyn i 2019 og innspel frå apotekarar og internrevisorar. I tillegg er leverandørvurdering oppdatert og utgjer, saman med dialog med Sykehusapotekene HF, grunnlag for prioritering av leverandørrevisjonar. Det vil og bli lagt til rette for oppstart av sjølvevaluering/eigenrevisjon i apotek i 2020.

Tabell 1: Revisjonsplan SAV 2020

Nr	Revisjonstype	Eining	Tema	Månad
1 – overført frå 2019	Fagrevisjon	SiB, SHE	Handtering av A & B legemidlar / Lag ordre og plukk vare, kvalitet, HMS og ytre miljø	1
2	Leverandørrevisjon	Berendsen	Vaskeritenester PRO	2
3	Fagrevisjon	SIH, PUB	Logistikkretta prosessar og tenester	4
4	Ytre miljø	SAV FAD	ISO 14001	5
5	Fagrevisjon	SIS SHE	KLUT-prosessar	6

			Handtere retur og reklamasjon frå kunde til apotek	
6	Ytre miljø - sertifiseringsrevisjon	SAV (SiB, SiS, SiH, FAD)	Ekstern revisjon ISO 14001	9
7	Fagrevisjon	SiF PRO	Validerings- og reinhaldsprosessar	10
8	Fag og teknologi	SiS (PRO, SHE, PUB)	Ivareta IKT, informasjonssikkerheit, GDPR, FMD Kompetanseplanar	11
9	Leverandørrevisjon	Fresenius	Leverandør av væsker og væskeblandingar	12

Ad-hoc revisjoner kan utførast ved behov.

Kommentar

I tillegg til liste i tabell 1 kan det bli aktuelt å stilla med fagrevisor eller medrevisor på Sykehusapotekene HF sin planlagte leverandørrevisjon av Curida. Sykehusapotekene HF stadfestar i e-post 17.12.19 at dei planlegg revisjon av BD i 2020 (vareautomatar).